


# Årsmelding

## for Aurland fjellstyre

### 2006



**Aurland fjellstyre,  
februar 2007**

## FØREORD

I denne årsmeldinga har me prøvt å ta med det viktigste av det som fjellstyret har arbeidd med i året som har gått, i tillegg til oversiktar over fiskefangst, felte reinsdyr, hjort og ryper o.a. Årsmeldinga ligg ute på fjellstyret si nettside, [www.aurland-fjellstyre.no](http://www.aurland-fjellstyre.no). Der finn ein og meir informasjon om tilboda i statsallmenningane i Aurland.

**Aurland, den 14.2.07**

Per Dale  
fjellstyreleiar

Solveig Roti Aasen

Osvald Turlid

Bente Steine

Trygve Øyum

## INNHALDSOVERSIKT

1. FJELLSTYREARBEID OG -SAKER I 2006	side	3
2. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING	"	5
3. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE	"	6
4. FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR	"	7
5. REIN OG REINSJAKT	"	9
6. HJORT OG ELG	"	10
7. SMÅVILT	"	10
8. FISKE	"	12
9. ØKONOMI	"	14

### Vedlegg (ikkje på nettutgåva):

- Fangststatistikk fiske Aurland statsallmenning 2006
- Fiskeutsetjinga i Aurland statsallmenning 2006
- Fjellstyrerekneskapen for 2006

### Framsidedeilete:

- Fjellopsyn Anne C. Engh Nylend med stamfisk
- Ny kai i Nordheimsdalen

# 1. FJELLSTYREARBEID OG -SAKER I 2006

## Fjellstyresaker i 2006

### 16. februar:

- 1/06. Referat og meldingar
- 2/06. Årsmeldinga for 2005
- 3/06. Rekneskapen for 2005
- 4/06. Søknad frå jaktlaget i Nordheimsdalen om lenging av leigeavtale
- 5/06. Søknad frå SJH om dispensasjon frå bestemmelsen om fiskelag i fiskereglane for Aurland statsallmenning
- 6/06. Søknad frå SJH om dispensasjon frå pkt. 3 i samjaktavtalen for Aurland i samband med øvingsjakt for elevar
- 7/06. Val av medlem og varamedlem til styret for Aurland Setjefisk BA
- 8/06. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning - tid for gjennomgang og revisjon
- 9/02. Val av medlem og varamedlem til rådgjevande utval for verdsarvområde i Nærøyfjorden

### 4. april:

- 10/06. Referat og meldingar
- 11/06. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning - revisjon
- 12/06. Val av medlem og varamedlem til styret for villreinutvalet for Nordfjella for 2006-2007
- 13/06. Val av medleamar til arbeidsgruppe for Nordheimsdalen
- 14/06. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusellen for 2006

### 29. mai:

- 15/06. Referat og meldingar
- 16/06. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2007-2010, høyringsutkast
- 17/06. Innføring av opne fjellstyremøte
- 18/06. Klage på vedtak i sak 6/06

### 13. juni:

- 19/06. Referat og meldingar
- 20/06. Tilbod til Aurland fjellstyre om å overta Berdalsbu og hytta i Håbergsholene
- 21/06. Bruk av fellingsløyve frå nabokommunane i Aurland av innanbygdsbuande jegerar
- 22/06. Samjaktavtale mellom Aurland og Ulvik statsallmenningar
- 23/06. Samjaktavtale mellom statsallmenningane i Nordfjella nord for rv. 50
- 24/06. Trekking av fellingsløyva for rein
- 25/06. Klage på vedtak i sak 6/06

## *Fjellstyresaker i 2006, framhald:*

### 2. august:

- 26/06. Referat og meldingar
- 27/06. Overtaking av linjehytter, underskriving av avtale
- 28/06. Søknad om økonomisk stønad til utgjeving av bok om fjellreven
- 29/06. Klage på gjennomføring av trekning og tildeling av hjortejakta i Nordheimsdalen

### 14. november:

- 30/06. Referat og meldingar
- 31/06. Oppsynsbudsjett for 2007
- 32/06. Høyring: Revisjon av forskrift om fangst og fiske i statsallmenning
- 33/06. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning for 2007-2010

### 6. desember:

- 34/06. Referat og meldingar
- 35/06. Fjellstyrebudsjettet for 2007
- 36/06. Avtale om pensjonsordning for dei tilsette

I tillegg til fjellstyremøta på lista ovanfor, stod fjellstyret (saman med grunneigarlaget for villreinvald) for tilskipinga av jegermøtet før reinsjakta den 10. august, og eit ope møte om forvaltingsplanen for statsallmenningen den 18. oktober. Fjellstyret stilte med to utsendingar på landsmøtet i Norges fjellstyresamband, som vart halde på Hell i Nord-Trøndelag den 8.-9. juni.

Fjellstyret er og representert i følgjande organ:

- Norges fjellstyresamband, styret (Solveig Roti Aasen)
- Villreinutvalet for Nordfjella (Per Dale)
- Aurland Setjefisk BA, styret (Magne Lundeland)
- Aurland fiskeadministrasjon, styret (Håkon Øydvin)
- Aurland Naturverkstad (Solveig Roti Aasen)
- Regionalt oppsynsutval for Nordfjella/Hardangervidda (Per Dale)
- Samarbeidsorganet for fjellstyra på Hardangervidda (observatørstatus)
- Rådgjevande utval for verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden (Harald Skjerdal)

Det må elles nemnast at at ein del av Aurland statsallmenning vart nasjonalpark i 2006, ved at nasjonalparken Hallingskarvet vart oppretta rett før jul. Berre omlag 7 kvadratkilometer av denne ligg i Aurland.

## 2. OPPSYNS- OG SEKRETÆRORDNING

### Fjellstyret sine tilsette:

- Dagleg leiar/fjellopsyn, 50 % stilling: Harald Skjerdal
- Fjellopsyn/driftsstyrar setjefiskanlegg, 100 % stilling: Håkon Øydvin
- Sesongoppsyn/gjetar, 6 månadsverk: Anne C. Engh Nylend

Til saman utgjer dette 2 årsverk. Det vart utført **3667** timeverk. Reine fjellstyreoppgåver utgjorde 1936 timeverk, eller omlag 53 % av arbeidstida til fjellopsynet. Resten av arbeidstida vart i 2005 fordelt på andre oppdragsgjevarar i samsvar med oversikten nedanfor.

<b>Oppdragsgjevar</b>	<b>Arbeidsoppgåver</b>	<b>Timar</b>
<i>Aurland Setjefisk BA</i>	<i>Driftsansvar fiskeanlegg, stamfiske, fiskeutsetjing</i>	<i>644</i>
<i>Villreinutvalet for Nordfjella</i>	<i>Sekretær, jaktoppsyn, teljingar</i>	<i>399</i>
<i>Statens Naturoppsyn</i>	<i>Oppsyn, skjøtselsoppgåver, rovviltoppdrag</i>	<i>524</i>
<i>E-co Vannkraft</i>	<i>Smoltfelle Aurlandselvi</i>	<i>126</i>
<i>Aurland Elveeigarlag</i>	<i>Fiskeoppsyn</i>	<i>13</i>
<i>Grunneigarlaget for villreinvalid</i>	<i>Oppsyn i privateigde område</i>	<i>22</i>
	<b>Totalt:</b>	<b>1731</b>

Anne C. Engh Nylend slutta i stillinga si den 1. november. Ny utlysing av sesongoppsynsstillinga vil skje i løpet av vinteren.

Det vart registrert 3 dagar sjukefråver i 2006.

### Oppsynskontrollar og reaksjonar i 2006:


	<b>Tal kontrollar</b>	<b>Melde/rapporterte saker</b>	<b>Saker oppgjort på staden</b>
<i>Småviltjakt</i>	<i>10</i>	<i>-</i>	<i>-</i>
<i>Storviltjakt</i>	<i>89</i>	<i>-</i>	<i>1</i>
<i>Fiske</i>	<i>62</i>	<i>4</i>	<i>-</i>
<i>Motorferdsle</i>	<i>23</i>	<i>4</i>	<i>-</i>
<i>Anna (bandtvang)</i>	<i>3</i>	<i>-</i>	<i>2</i>

### 3. FRILUFTSTILTAK FOR BORN OG UNGE

Som tidlegare år, hadde fjelloppsynet dette året òg eit godt samarbeid med skuleverket i kommunen om fiskedagar for skuleklassar. Opplegget på fiskedagane gjekk ut på å fiska med garn og stong, gjera opp fisken, og steikja fangsten på steinhelle over bål etterpå. Innsatsen til deltakarane var som vanleg upåklageleg, og fangsten var god.

- 11. september: Fiskedag i Stemmerdalen med 3. og 4. klasse ABU
- 12. september: Fiskedag i Stemmeerdalen med 1. og 2. klasse ABU
- 13. september: Fiskedag i Stemmerdalen med elevar frå Flåm skule
- 18. september: Prøvefiske i Vargebotnvatnet med 7. kl. ABU

Ein elev frå mellomtrinnet på ABU var med fjelloppsynet to dagar i samband med "elevens val."



*Naust ved Hellenutvatnet*

## 4. FJELLSTYREHYTTER, NAUST OG BÅTAR

Fjellstyret har frå før følgjande 4 opne hytter, som alle som ynskjer det kan nytta mot å betala ein overnattingspris på kr. 50 (gratis for born under 16 år):

- Storebotnhytta (bygd 1982, 7 sengeplassar)
- Melahytta (bygd 1983, 14 sengeplassar)
- Hellenuthytta (bygd av Oslo Lysverker i 1965, 6 sengeplassar)
- Mellomvasshytta (bygd i 1985-86, 6 sengeplassar)
  
- I tillegg kjem hytta i Brubotn, bygd av Oslo Lysverker i 1966. Denne vart overteken av fjellstyret i 1992 og vert brukt som base for sesongoppsyn/gjetar sommar og haust.

Hausten 2006 auka talet på fjellstyrehytter med to, ved at to av Statnett sine linjehytter i allmenningen vart overtekne vederlagsfritt av fjellstyret. Dette gjeld hytta i Håbergsholene og hytta "Berdalsbu," som ligg heilt på grensa mellom statsallmenning og privat område. Aurland kommune har gjeve løyve til bruksendring for begge hyttene, etter positive fråsegner frå både Fylkesmannen, villreinforvaltinga og Statskog SF. Når det gjeld plan for bruken av desse to "nye" hyttene, er denne slik:

- Berdalsbu: Denne hytta vurderer fjellstyret å flytta nokre hundre meter, ned til nedste Berdalsvatnet. Då kjem ho lenger vekk frå kraftlinene som hytta står under i dag, vekk frå reinstrekket, og nærmare eit bra fiskevatn som til no har vorte lite nytta. Hytta vert ståande open heile året, slik som dei andre fjellstyrehyttene. Noko oppussing må til.
- Hytta i Håbergsholene: Dette er ei stor hytte med fleire rom. Fjellstyret ynskjer å ta ho i bruk som utleiehytte, som både bygdefolk og andre kan få leiga etter avtale med fjellstyret. Opplegget for dette, prisar m.m. må fjellstyret ta stilling til før sesongen startar. Det vert lagt opp til utleie berre i sommarsesongen. Ei synfaring som fjellstyret hadde i august viste at det ikkje er store tiltak som skal til for å klargjera hytta for utleie. Det er sett av ein sum i budsjettet for 2007, m.a. til arbeid på inngangspartiet til hytta.

### Arbeid på fjellstyrehyttene i 2006:

- Melahytta: Heile hytta vart beisa, og det vart montert solcelleanlegg.
- Storebotnhytta: Ein torvhaldstokk utskift.
- Brubotnhytta: Beis vart innkjøpt, men beisinga utsett til 2007.
- Elles vart det vanlege, årlege arbeidet gjort på alle hyttene. Dette omfattar innkøyring av ved, skifting av gassflasker og sengeklede, heimkøyring av bos m.m.

Når det gjeld bruken av fjellstyrehyttene, viser summen av overnattingsinntektene at denne var større enn noko tidlegare år. Størst auke hadde Mellomvasshytta, som hadde bra med gjester kvar veke frå slutten av juli til midten av september. Dette hadde truleg noko samanheng med at fisket i området har teke seg opp. Minst overnattingar var det på Melahytta, som er den av fjellstyret sine hytter som i utgangspunktet har størst kapasitet. Alle hyttene vert nytta ein del som oppsynshytter av fjellstyret sine tilsette og av jaktoppsynet til villreinutvalet.

### **Naust og båtar:**

Fjellstyret hadde i 2006 båtar ved følgjande vatn i allmenningen, til bruk i samband med fiske:

- Nedste Storebotnvatnet (naust og båt)
- Hellenutvatnet (naust og båt)
- Holmavatnet (naust og båt)
- Nyhellervatnet (båt i fiskesesongen)
- Langavatnet v. Kongsheller (båt)
- Svartavatnet (båt)
- Mell. Mellomvatnet (båt, ny i 2006)
- Nedste Grovgjuvvatnet (båt)

Det vil bli kjøpt inn endå ein båt før komande sesong. Planen er å frakta denne inn til Melavatni. Båten som i to somrar har lege ved nedste Grovgjuvvatnet kan det bli aktuelt å flytta til eit anna vatn, grunna lite bruk.

### **Byggjearbeid i Nordheimsdalen:**

Dei fleste bygg og anlegg i dalen er i eigde av allmenningsstyret. I samarbeid med dei har fjellstyret (ved fjelloppsynet) organisert og delteke i ein del opprusting og vedlikehaldsarbeid dei siste åra. Arbeidet er finansiert med hjelp av tilskot frå grunneigarfondet i Statskog, og DN v. Statens Naturoppsyn.

Restaureringa av stallen/smia i Brendelid vart avslutta hausten 2006. Arbeidet vart i hovudsak utført av Audun Thorvaldsen. Kaien i Nordheimsdalen vart bygd opp att frå grunnen av dette året. Det vart brukt stålbjelkar festa i fjell, og lagt på tredekke. Det er no søkt om tilskot til utskifting av brua i Galden, midt i dalen. Arbeidet er tenkt utført våren 2007.

## 5. REIN OG REINSJAKT

Fellingskvoten for Nordfjella vart auka frå 600 løyve i 2005 til 700 i 2006. Grunnen til kvoteauken var at vinterstamma, ut frå minimumsteljinga, viste ein auke frå 1683 dyr i 2005 til 1914 dyr i 2006. For fjellstyret sin del, auka fellingskvoten frå 76 løyve i 2005 til 88 i 2006. I tillegg fekk fjellstyret overført 21 fellingsløyve frå Ål og Hemsedal villreinvald, som kompensasjon for inngådd samjaktavtale.

Fjellstyret hadde og ein kvote på 3 dyr i Broksfjellet statsallmenning ved Myrdal, som ligg innanfor grensa til Hardangervidda villreinområde. Området er framleis freda for jakt. Dette året vart desse løyva tildelt ein jeger som hadde tilgang til eit vald i Vinje kommune. Det vart felt dyr på eitt av desse løyva.

### **Samjaktavtalar:**

Statsallmenningen i Aurland var involvert i følgjande avtalar i 2006:

- Samjaktavtalen mellom statsallmenning og alle private jaktfelt i Aurland.
- Samjaktavtale mellom alle statsallmenningane i Nordfjella, nord for rv. 50. Denne var ny dette året. Eit par dyr vart felte i Aurland av jeger frå Hol i medhald av avtalen. Fjellstyret har ikkje fått meldingar om at jegerar frå Aurland har felt dyr i nabokommunar gjennom denne avtalen.
- Samjaktavtale mellom Ulvik statsallmenning og Aurland statsallmenning. Avtalen var ny dette året. Fjellstyret har ikkje fått rapportar om at nokon nytta seg av avtalen.
- I tillegg kom dei einsidige avtalane med Hemsedal og Ål villreinvald som gav jegerar frå desse kommunane tilgang til jakt i Aurland statsallmenning, Vestfjelli, i tillegg til jaktfelt 464 Vindedalen. Det vart felt ein del dyr i Aurland i medhald av desse avtalane, både av hallingar som kom hit og av Aurlendingar som hadde fellingsløyve som var overførde til fjellstyret frå Ål og Hemsedal.
- Fjellstyret gav påskrift på kort kjøpte i nabokommunane til 25 innanbygds jegerar, slik at desse korta kunne nyttast i Aurland.

Alt i alt medverka tiltaka som er nemnde ovanfor til at fellingsprosenten for villreinområdet vart vesentleg større enn han ville ha vorte utan desse avtalane.

### **Jakta**

Det var flokkar med rein i Aurland stort sett heile jakta. Av totalt 37 dagar med jakt var det berre 8 dagar det ikkje vart felt rein i kommunen. Rapportar om kvar dyra vart felte under jakta viser at fellinga på fjellstyret sine kort fordelte seg nokså likt på begge sider av rv. 50, med 24 fellingsstader i vest- og 27 i austfjelli.

I Aurland nordre statsallmenning, og elles i områda nordvest for vegen Aurland – Erdal, vart det knapt registrert rein under jakta.

**Fellingsresultatet for Aurland statsallmenning, totalt for Aurland og for heile Nordfjella villreinområde jakta 2005:**

	<b>Aurland statsallm.</b>	<b>Aurland totalt</b>	<b>Nordfjella</b>
<i>Vaksen bukk</i>	16	33	120
<i>Bukk 1 ½ år</i>	6	15	37
<i>Bukkekalv</i>	4	9	34
<i>Vaksen simle</i>	16	34	134
<i>Simle 1 ½ år</i>	2	3	14
<i>Simlekalv</i>	7	18	50
<b>Felt i alt</b>	<b>51</b>	<b>114</b>	<b>390</b>
<i>Tildelt kvote</i>	88	184	700
<i>Fellingsprosent</i>	58 %	62 %	55,7 %

## 6. HJORT OG ELG

Aurland nordre statsallmenning er framleis delt i to jaktfelt - eitt over 600 m.o.h og eitt under denne koten. Aurland jakt- og fiskelag disponerte som før jakta i det øvste feltet, og hadde fellingskvote på 7 hjortar og 1 elg. Det nedre feltet vart utleigd til eit nytt, utanbygds jaktlag for 2 år, etter trekning gjennom iNatur. Her var fellingskvoten 4 hjortar. Det kom inn ein klage på trekninga frå jaktlaget som hadde jakta i føregåande periode. Saka gjekk til DN, som stadfesta fjellstyret sitt vedtak om tildeling.

Resultatet av jakta vart i alt 10 felte hjortar, d.v.s. ein fellingsprosent på 91. Det vart sett to elgar i området, men ingen vart felt.

## 7. SMÅVILT

Dette året var det ein nedgang i taleg på selde jaktkort og i talet på felt vilt ut frå innkomne rapportar. Ein må 6-7 år attende i tid for å finna like låge salstal for jaktkort. Rypebestanden var liten sist haust, slik han og var den føregåande hausten. Det høvde såleis bra at pågangen av rypejegerar var liten.

### **Fordelinga av selde kort i 2006 (2005-tala i parentes):**

1 dag:	54	(95)
2 dagar:	61	(68)
3 dagar:	39	(47)
1 veke:	12	( 2)
<u>Sesong:</u>	<u>25</u>	<u>(35)</u>
	191	(247)


I tillegg vart det selt 33 jaktkort for området Broksfjellet-Myrdal, der det vert selt eit felleskort for statsallmenningen og ei privat sameige.

### Jaktstatistikk:

76 jegerar har sendt inn fangstrapport for Aurland statsallmenning i 2006. Det er 40 % av dei som kjøpte kort, noko som gjev ei noko betre prosentvis innrapportering enn ein har hatt tidlegare. Rapportane viser følgjande innrapporterte felling i 2006 og dei tre føregåande åra:

År/tal rapportar:	2006, 76 stk	2005, 93 stk.	2004, 124 stk.	2003, 93 stk.
Fjellrype	80	192	257	282
Lirype	15	28	36	17
Hare	2	8	8	12
Villmink	-	1	-	-
Raudrev	-	-	1	-
Røyskatt	-	-	-	7
Ramn	-	-	-	1

Kvar jeger hadde i gjennomsnitt 2 jaktdagar og skaut 1,3 ryper. Det vert 0,65 ryper pr jaktdag. Som ein ser av figuren nedanfor, var 2003 det siste gode rypeåret i fjella våre, med dagsfangst på 1,2 ryper pr. jeger. Kanskje kan ein vona på at dei naturlege svingingane i småviltbestandane gjev ei betring i 2007?




Diagrammet viser tal felte ryper pr. jeger og dag i 10-årsperioden 1997 – 2006.

## 8. FISKE

Sommaren 2006 var uvanleg varm, det låg lite snø att i høgfjellet, og isen reiste tidleg på fjellvatna. For fisket slo dette positivt ut - særleg galdt dette for stongfisket. Den høge vasstemperaturen gjorde at fisken vart aktiv, og mange opplevde å få uvanleg store fiskefangstar på sluk og spinnar i slutten av juli og byrjinga av august. Fisket fordelte seg på mange ulike vatn i allmenningen, 48 i alt. Både fangsten pr. garnnatt og gjennomsnittstorleiken på fisken er den høgste som er registrert i dei åra det har vore ope for garnfiske i Aurland statsallmenning, slik diagrammet nedanfor viser. Totalfangsten har derimot vore større einskilde år.

### Tal frå fangststatistikken for 2006:

Selde garnkort:	105
Innlevert fangstrapport:	103 (98 %)
Tal garnnetter:	1541
Tal fisk:	4245 (av dette 452 på stong)
Kg. fisk	1972 kg ( " " 196 kg på stong)
Største fisk:	1,3 kg
Fiskeinnsats pr. fiskar	18,6 garnnetter
Sesongfangst pr. fiskar	20,7 kg (gjennomsnitt av dei som har fiska)
Fangst pr. garnnatt:	1,1 kg (2,7 fiskar)
Gjennomsnittstorleik:	0,45 kg



## Fiskeutsetjing

I uregulerte vatn i statsallmenningen vart det av fjellstyret utsett 7.050 setjefisk sist sommar. Som vanleg vart utsetjinga gjort med hjelp av dugnadsfolk, til saman omlag 25. I tillegg kjem dei pålagde utsetjingane i regulerte vatn, som E-co Vannkraft står for. All fisk som vart utsett var sommargammal setjefisk frå Aurland Setjefisk BA sitt anlegg. Setjefisken er avkom etter vill stamfisk frå fleire vatn i Aurlandsdalen.

## Prøvefiske

7. klassen ved ABU prøvefiska Vargebotnvatnet, saman med fjelloppsynet. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførte prøvefiske i dei fleste regulerte vatn i Aurland i september 2006. Rapporten frå dette vil liggja føre i løpet av vinteren. Resultata her kan få følgjer for framtidige utsetjingspålegg. I Aurland statsallmenning vart følgjande vatn prøvefiska:

*Adamsvatn/Langavatn*  
*Alvsvatnet*  
*Katlamagasinet*  
*Nedste Berdalsvatnet*  
*Nedste Grovgjuvvatnet*  
*Nedste Mellomvatnet*  
*Nyhellermagasinet*  
*Store Kreklevatnet*  
*Store Vargevatnet*  
*Svartavatnet*

## pH-målingar

Fjelloppsynet tok i 2006 vassprøver og mælte pH i følgjande vatn, med pH-meter av typen Copenhagen PHM 80:

<b>Dato</b>	<b>Vatn</b>	<b>pH</b>
09.5.	<i>Råsdøla</i>	5,89
09.5.	<i>Bekk i Bruahalli</i>	6,39
09.5.	<i>Stemmerdøla</i>	6,38
09.5.	<i>Elva frå Svarthovdvatnet</i>	5,93
15.5.	<i>Elv Bendikshaugane</i>	5,90
16.5.	<i>Elva frå Erterhaugsvatnet</i>	6,02
16.5.	<i>Ned. Soleiebakkvatnet</i>	5,66
19.5.	<i>Grånosvatnet</i>	5,72

Alle desse verdiane er godt innanfor det som burde gje gode livsvilkår for aure.

## 9. ØKONOMI

Årsrekneskapen for fjellstyret for 2006 syner driftsinntekter på kr. 1.493.914 og driftskostnader på kr. 1.443.517, noko som gjev eit årsoverskot på kr. 50.397. Driftoverskotet vert overført til den frie eigenkapitalen.

Aurland, den 14.2.07

Per Dale  
fjellstyreleiar

Solveig Roti Aasen

Osvald Turlid

Bente Steine

Trygve Øyum